

ØYGARDEN MITTI



Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Bruket Mitti-Øygarden var på nokre få mål dyrka jord og låg ved bygdagrensa mot Sel. Det var truleg Esten Øygarden som tidleg i 1800-årom rydda og bygde her. Under folketellinga i 1865 budde Sjugur Estenson Øygarden (1827) og kona Ymbjørg Olsdtr. (1825) her, saman med two søner:

Esten (1854) og Ole (1864).

Dei hadde og ei dotter, Kari Øygarden. Ho hadde to søner:

Syver Ødegaarden (1884) g.m. Anne Larsstuen og busette seg i øvre Skriun i Heidal. Borna

deira: Thor (1913), Iver (1915), Kari (1918), Hans (1920) og Jenny (1924).

Iver Ødegaarden busette seg også i Heidal på ein gamal husmannsplass som heitte Kruke-Øygarden. Og her dreiv han som bureisar.

Kari Øygarden gifta seg seinare med Eina Skriun, og dei budde i Øygaré, saman med foreldra hennar. Men kva tid bruket var fråflytt veit ein ikkje sikkert.

Mitti-Øygarden høyrer nå til Nordre Sørlien, eigar Knut Rønningen.